



Arkivnr: 2018/7917-325  
Saksbehandlar: Hanne Camilla Dyrnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.06.2019

## Søknad om ekstraløyving til Stiftinga Seilskipet Statsraad Lehmkuhl

### Samandrag

Statsraad Lehmkuhl planlegg ei 18 månaders jordomsegling med søkelys på bærekraft - «One Ocean – Setting Sail for the Future frå september 2021 til april 2023». Jordomseglinga får eit FN-mandat i samband med at FN startar sitt havforskingstiår i 2021.

Stiftinga Seilskipet Statsraad Lehmkuhl hadde i 2018 ekstra store utgifter til vedlikehald. Reparasjonane viste seg å bli meir omfattande enn planlagt, og budsjettet på omlag 21 millionar vart overskride. Alle fondsmidlar som hadde vore sett av til nettopp slikt bruk er no brukt opp, og stiftinga manglar med dette ein buffer for framtidige upårekna utgifter. I tillegg måtte vintervedlikehaldet som var planlagt vinteren 2019, framskundast til hausten 2018, fordi Forsvarets høyskole endra tida for toktet for studentane ved Sjøkrigsskolen. Dette var det ikkje budsjettert med.

Statsråd Lehmkuhl søkte derfor i 2018 Kulturdepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om støtte til ekstraordinært vedlikehald, til saman kr 9 millionar (sjå under). Fordi dei ikkje var trygge på å få løyvd heile det beløpet det var søkt om, søkte dei også Bergen kommune om eit lån på den same summen.

Det er planlagt nytt vedlikehald på skipet i periodane oktober – desember både i 2019 og i 2020, noko som er heilt naudsynt framfor den planlagde jordomseglinga som er nemnt tidlegare.

Hordaland fylkeskommune løyvde 1,3 mill. kr av dei 2 mill. kr det var søkt om. Stiftinga Seilskipet Statsraad Lehmkuhl søker no om dei resterande 700 000 kr, slik at dei totalt når 2 mill kr i ekstraordinært tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

**Økonomi:** Det vert gjort framlegg om å løyve 350.000 frå marint utviklingsfond til dette formålet. Ut over dette må Fylkesutvalet, for å nærme seg omsøkt beløp på kr 700 000,-, eventuelt løyve ein tilleggssum frå fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

**Klima:** Toktet vil bidra til å skape merksemd, medvit og kunnskap om den sentrale rolla som hava har for bærekraftig utvikling. Batteriteknologien som skipet skal nytte, der batteriet vert lada av propellen mens skipet brukar segl, vil bidra til å skape merksemd om grøn skipsteknologi.

**Folkehelse:** Toktet vil bidra til inspirerende møte både på høgt nivå og mellom ungdommar og ålmenta på tvers av kulturelle skiljelinjer.

**Regional planstrategi:** Tilskotet vil støtte opp under hovudmålet i regional planstrategi: Hordaland skal ha: Ei klima og miljøvenleg utvikling

## Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 350.000 frå marint utviklingsfond som ekstraløyving til Stiftinga Seilskipet Statsraad Lehmkuhl. Tilskotet kjem i tillegg til 1,3 millionar kroner som alt er løyvd frå Hordaland fylkeskommune.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Driftsstønad over Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2019
- 2 Bystyresak 105/19: Vilkår for utbetaling av ekstraordinært tilskudd til Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl
- 3 Søknad om lån i forbindelse med uforutsette utgifter ved vintervedlikehold for Statsraad Lehmkuhl, frå Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl til Bergen kommune, 08.05.18
- 4 Søknad om videreføring av tilskudd til Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl for 2019, samt søknad om ekstraordinært tilskudd for vedlikeholdsprosjekt for 2018, 19.03.18.
- 5 Brev til Hordalandsbenken fra Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl, 18.10.18
- 6 Pressemelding 12.12.2018: 1,5 millioner kroner i ekstraordinært tilskudd til "Statsraad Lehmkuhl"
- 7 Presentasjon av «One Ocean – Setting Sail for the Future September 2021 – April 2023»

## Fylkesrådmannen, 29.05.2019

Om toktet

Statsraad Lehmkuhl planlegg ei 18 månaders jordomsegling med søkelys på bærekraft - «One Ocean – Setting Sail for the Future September 2021 – April 2023». Toktet er ein partnerskap mellom Stiftinga Statsraad Lehmkuhl og tunge aktørar som UD, UiB, Havforskningsinstituttet, Bjerknessenteret, Høgskolen på Vestlandet, Marine Harvest, Fjordkraft, m.fl. Jordomseglinga får eit FN-mandat i samband med at FN startar sitt havforskingstiår i 2021.

### Mål for toktet

- Å skape merksemd, medvit og kunnskap om den sentrale rolla som hava har for bærekraftig utvikling
- Å skape ei plattform for utvikling og oppsøke det breie spektret av kunnskap og forskning som trengs for ei bærekraftig havforvaltning
- Å vise gode eksempel på berekraftige aktivitetar knytt til havet for shipping, berekraftig matproduksjon basert på biologiske ressursar og redusert forureining
- Å bidra til inspirerende møte både på høgt nivå og mellom ungdommar og ålmenta på tvers av kulturelle skiljelinjer
- Å bidra til FN sitt havforskingstiår med forskning, utdanning og kunnskap
- Å bruke reisa for å engasjere og skape bevissthet om måla for så mange som mulig, nasjonalt og internasjonalt (skular, universitet, næringslivet, ålmenta, og særskilt for dei lokale innbyggjarane i hamnene dei skal besøke)

Satsing på bærekraft

I strategiplanane til Stiftinga Statsraad Lehmkuhl vert det satsa bevisst på å styrke bærekraft og miljø i drifta av skipet. Ein batteripakke som vert lada av propellen mens skipet brukar segl, er eit tiltak. Andre tiltak inneber overgang til 100% komposterbart eingongsservice og fjerning av mest mogleg plast. Målet er å bli verdsleiarande blant seglskipa i sin klasse når det kjem til miljø og bærekraft.

Om vedlikehald

Vinteren 2017 – 18 låg Statsraad Lehmkuhl i dokk for å gjennomføre planlagt vedlikehald. Reparasjonane viste seg å bli meir omfattande enn planlagt, og budsjettet på omlag 21 millionar vart overskride. Alle fondsmidlar som hadde vore sett av til nettopp slikt bruk er no brukt opp, og stiftinga manglar med dette ein buffer for framtidige upårekna utgifter.

Som ein følge av samanslåinga av krigsskulane til Forsvarets høgskole var det lenge usikkert om avtalen som Stiftinga Statsraad Lehmkuhl har hatt med Sjøkrigsskulen ville bli vidareført. Dette har vore ei viktig inntektskjelde for skipet, og som har vore avgjerande for heilårsdrift av skipet. Då Forsvarets høgskule fornya avtalen skjedde dette i januar 2018, men toktperioden vart flytta frå hausten 2018 til oppstart i januar 2019. Denne endringa gjorde at vintervedlikehaldet måtte framskundast til hausten 2018, noko det ikkje var budsjettet for.

Statsråd Lehmkuhl søkte derfor i 2018 Kulturdepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om støtte til ekstraordinært vedlikehald, til saman 9 mill. kr (sjå under). Fordi dei ikkje var trygge på å få løyvd heile det beløpet det var søkt om, søkte dei også Bergen kommune om eit lån på den same summen.

Det er planlagt nytt vedlikehald på skipet i periodane oktober – desember både i 2019 og i 2020, noko som er heilt naudsynt framfor den planlagde jordomseglinga som er nemnt tidlegare.

## Økonomi

## Søknader og løyvingar for 2019

	Søkt om	Løyvd
Kulturdepartementet (driftstilskot)		8 530 000
Hordaland fylkeskommune (driftstilskot)	1 890 000	1 783 000
Bergen kommune (driftstilskot)		1 832 769
Bergen kommune (ekstraordinært tilskot)	2 000 000	2 000 000 (til nedbetaling av lån)
HFK (ekstraordinært tilskot)	2 000 000	1 300 000
Kulturdepartementet (ekstraordinært tilskot)	5 000 000	1 500 000
<i>Bergen kommune (lån)</i>	<i>9 000 000</i>	<i>9 000 000</i>

I møte 20.06.2018 (sak 136/18) vedtok bystyret i Bergen å løyve 2 mill. kr «Dersom staten og Hordaland fylkeskommune gav ekstraordinære tilskudd i samsvar med søknadene [...]». Samstundes vedtok dei å løyve eit lån på inntil 9 mill. kr med frist for nedbetaling innan 31.12. 2029. Det vart også gjort vedtak om at «Dersom stiftelsen mottar ekstraordinære tilskudd fra stat, fylkeskommune eller kommune, skal tilskuddet uavkortet benyttes til avdrag på lånet.»

Seinare, 10. april 2019 (sak 105/149) vedtok Bergen bystyre å oppretthalde vedtaket om å løyve 2 millionar, sjølv om vikåra i det opphavelige vedtaket ikkje var oppfylt.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen vurderer at toktet vil skape merksemd, medvit og kunnskap om den sentrale rolla som hava har for bærekraftig utvikling. Det vil bidra til å skape ei plattform for utvikling og oppsøke det breie spektret av kunnskap og forskning som trengs for ei bærekraftig havforvaltning. Målet med toktet er å vise gode eksempel på berekraftige aktivitetar knytt til havet for shipping, berekraftig matproduksjon basert på biologiske ressursar og redusert forureining. Ein ventar seg inspirerende møte både på høgt nivå og mellom ungdommar og ålmenta på tvers av kulturelle skiljelinjer. Jordomseglinga vil bidra til FN sitt havforskingsstiar med forskning, utdanning og kunnskap. Den store reisa vil bli brukt for å engasjere og skape bevissthet om måla for så mange som mulig, nasjonalt og internasjonalt (skular, universitet, næringslivet, ålmenta, og særskilt for dei lokale innbygarane i hamnene dei skal besøke).

Toktet vil bidra til FN sin havstrategi og sette Bergen og Vestlandet på kartet som seter for marin forskning, sjømat og berekraftig marin teknologi. Toktet vil knytte internasjonale kontaktar for forskning og næringslivet for Vestlandet.

Alt i alt vurderer fylkesrådmannen jordomseglinga til å vere så viktig for Vestlandet at ein rår til å delvis inøtekomme søknaden om ekstraordinært tilskot.

Fylkesrådmannen foreslår at 350.000 frå marint utviklingsfond i regionalavdelinga vert løyvd til dette formålet. I tillegg kan fylkesutvalet vurdere å supplere denne summen med inntil kr 350.000,- frå fylkesutvalet sin tilleggløyvingskonto, slik at Hordaland fylkeskommune til totalt – saman med den løyvinga på 1,3 mill.kr som vart gitt tidlegare – matchar løyvinga frå Bergen kommune på 2 mill. kr.